

Dagtilbod for heimebuande personar med demens og kognitiv svikt:



Aurland kommune har eit veletablert dagsentertilbod. Tilboden er for at personar med kognitiv svikt skal unngå isolasjon og oppleve meining i kvardagen. Tilboden er også for at pårørande kan få avlasting i kvardagen. Brukarar blir henta og bringa av personalet ved dagsenteret.

Tilboden er per no 3 dagar i veka, **måndag, onsdag og torsdag**.

Her er det ulike aktivitetar, fokus på kva som er tilpassa den enkelte brukar. Bruker flittig årstidene i aktivitetane. Utflukter til kjende stader i kommunen. Musikk og minner frå gamle dagar er ein viktig del av kvardagen.

På dagsenter får ein servert middag i kantina på helsetunet.


Leiar på dagsenter Grete H. Sæterdal

Spørsmål kontakt dagsenter tlf: **453 27 110**



**Demens og Hukommelsesteam
i Aurland Kommune**

Mistenkjer du at du sjølv eller nokon av dine nærmeste har ein demenssjukdom?



Lurar du på kva tilbod og hjelp Aurland kommune kan tilby?

Kva er Demens?

Hukommelsessvikt kan vere normale aldersforandringar, men også teikn på demenssjukdom. Det er viktig å utelukka andre årsaker til hukommelsessvikt! Demens er ei samlebeteikning på ei gruppe sjukdommar i hjernen. Stadig fleire rammes av demenssjukdom, ofte får dei diagnosen sein i forløpet.

Ulike teikn på demenssjukdom:

- Hukommelsetap som påverkar arbeidsevna
- Problem med å utføre daglege gjeremål
- Språkvanskar
- Desorientering i forhold til tid og stad
- Svekka dømmekraft
- Problem med abstrakt tenking
- Feilplassering av gjenstandar
- Endringar i humør og adferd
- Adferdsutfordringar
- Tap av initiativ

Om du mistenkjer demenssjukdom hjå deg sjølv eller ein av dine nærmaste: Ta kontakt med fastlegen din eller hukommelsteam!

Hukommelsteam i Aurland

Teamet består av Rita H. Andresen(sjukepleiar) og Hege Loven (geriatrisk sjukepleiar). Rita jobbar til vanleg på Aurland Helsetun og Hege jobbar i heimebaserte tenester. Har avsatt tid til dette annakvar onsdag.

Hukommelsteam har tett samarbeid med legeteneste og ergoterapeut.

Hukommelsteam kan tilby:

- Heimebesøk med samtale, utgreiing og kartlegging i forhold til demens.
- Samtale med brukar og pårørande
- Informasjon om tenestetilbod i kommunen
- Vurdering av tiltak i heimen – kontakt med ergoterapeut.
- Oppfølging etter demensdiagnose
- Hjelp til utfylling av søknadar om aktuelle tenester

Henvising til hukommelsteam kan gå via fastlege, andre helsetenester i kommunen, pårørande eller brukar sjølv.

Kontakt oss via telefon:

453 27 109 (hovudsakleg onsdagar)

Avdelingsleiar Heimebaserte tenester (kvardagar): **95984641**

Epost: hege.loven@aurland.kommune.no
rita.helen.andresen@aurland.kommune.no

Eventuelt ta kontakt med fastlegen så formidler dei vidare informasjon!